

BETANIEN SYKEHUS AS
Vestlundveien 23
5145 FYLLINGSDALEN

Dykkar ref.: Vår ref.:
2022/1061 - 10886/2022

Sakshandsamar:
Terje Arne Krokvik

Dato:
06.12.2022

Pensjonskostnad 2022 - private ideelle

Vi viser til våre tidlegare brev knytt til handtering av pensjonskostnad til dei private ideelle. Som kjend har Helse Vest for 2014 ikkje trekt inn midlar frå basisramma som følgje av reduksjon i pensjonskostnader i 2014. Det som ikkje var nytta til å dekke pensjonskostnader i 2014 skal derfor bli nytta til å dekkje pensjonskostnader seinare år. Endringar i pensjonskostnaden for 2015 og seinare må derfor sjåast opp mot handteringa av pensjonskostnaden for 2014.

Auken i pensjonskostnaden for åra 2011 til 2013 er ikkje innarbeida i den ordinære ramma som er tildelt gjennom årleg bestilling. Kostnadsauken for desse åra er blitt kompensert i eigen ekspedisjon basert på aktuarberekningar i tråd med føresetnader som er gitt av HOD. Denne kostnadsdekninga blir på same måte som i perioden 2014 til 2021 vidareført i 2022. Samla beløp utgjør kr 6.347.950,- og midla vil bli overført dykkar konto i nær framtid.

Den delen av pensjonskostnaden som ligger i basisramma har gjennom heile perioden blitt justert med deflator i saman med den samla basisramma. Dette er ikkje same praksis som blir nytta til helseføretaka, der det er den faktiske kostnadsendringa som blir kompensert. Dette inneber at pensjonskostnaden er kompensert med eit for høgt beløp, og at status pensjonsfordel frå 2014 framleis blir ståande med ein positiv saldo.

Helse Vest varsler derfor at vi frå 2023 vil gjere endring i praksisen slik at kompensasjonen følgjer den opphavlege intensjonen. Vi vil komme attende til dette i 2023.

Vennleg helsing

Inger Cathrine Bryne
Administrerende direktør

Per Karlsen
Økonomi- og finansdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent av: Inger Cathrine Bryne Administr.direktør

Mottakere
Lønns- og regnskapssenter
BETANIEN SYKEHUS AS